



Pressemelding

Knarvik 07.11.23

Knarvik ungdomsskule innfører heimeskule for 9. og 10. trinn

Elevane i 9. og 10. trinn får digital heimeskule frå og med onsdag 8. november til og med fredag 10. november.

Vedtaket om heimeskule er fatta av rektor, i samråd med tenesteleiar for skule, verneombod og leiar i FAU.

Føresette og elevar har fått informasjon direkte frå skulen.

Kvifor gjer skulen dette?

Vi opplever no eit stort sjukdomsutbrot blant dei tilsette. Omlag halvparten av personalet har meldt seg sjuke, og slik det ser ut no vil talet halde seg stabilt eller auke utover veka, fortel rektor Morten Olsen Schulstad.

Fråværet blant personalet er no av eit slikt omfang at skulen ikkje kan oppretthalde kvalitet i undervisninga og eit trygt og godt skulemiljø for alle elevane. Skulen har ikkje tilgang til nok vikarar til å dekke inn for dette fråværet.

Korleis vil skulen ivareta elevane?

Elevane som har digital heimeskule vil få undervisning, oppfølging og oppgåve av lærar gjennom skulen sin digitale læringsplattform.

Elevane på 8. steget og elevar som har særleg behov for omsorg og oppfølging møter på skulen som normalt.

Kontaktperson for saka:

Morten Olsen Schulstad (938 34 265/morten.olsen.schulstad@alver.kommune.no)



ALVER
KOMMUNE